

# Referat frå årsmøte for 2023, Øystre Slidre Idrettslag

Dato: 16. mars 2023

Idrettens Hus, Beitostølen

Leiar, John Magnus Sandberg, ynskta velkommen med å by på ein kaffekopp og bløtkake før vi gikk laus på sakene.

## **Sak 1-7 Val av møteleiar, skrivar, godkjenning av innkalling og sakliste**

19 medlemmar var frammøtte, alle røysteføre. Ove Skaret blir samrøystes valt til møteleiar. Rolf Kjetil Gulbrandsen blir valt til skrivar, og Nicolay Flaaten og Elisabeth Helle til å underskrive det han har skrive. Ingen har merknader til innkallinga. Årsmøtet godkjenner saklista. Ingen merknader til forretningsorden.

## **Sak 8. Behandle idrettslagets årsmelding.**

John Magnus går gjennom årsmeldinga for arbeidsutvalet. Årsmøtet godkjenner denne, med tilføyning på at ein ikkje tek stilling til utøverkontrakta som ligg ved årsmeldinga til ski- /skiskyttergruppa. Denne er endå ikkje behandla i dei aktuelle gruppestyra. Styret i idrettslaget behandlar og eventuelt godkjenner denne seinare. Årsmøtet tek heller ikkje stilling til budsjettet i denne saka då den kjem opp seinare.

## **9. Behandle idrettslagets rekneskap, styrets økonomiske beretning, og kontrollutvalets melding.**

Økonomiansvarleg Einar Hegge går gjennom rekneskapan. Idrettslaget har ein god del likvide midlar i banken. Han minnar om at dette ikkje alltid er gunstig dersom ein søker midlar frå ulike kjelder. Ellen Hæhre går gjennom kontrollutvalgets arbeid. Dei har gått gjennom styrets og enkelte grupper protokollar, samt idrettslagets rekneskap og budsjett. Dei meiner at denne gjennomgangen har vist at det er godt samsvar mellom idrettslagets drift og økonomi. Økonomien er god, på ein del postar er det stort sprik mellom budsjett og rekneskap. Det er viktig at grunnlaget for budsjettet er diskutert i styret slik at alle grupper har det same grunnlaget for sine budsjett. Innfriing av gjeld til stiftelsen og stadionselskapet ser kontrollutvalet som ein god ide, då det ikkje er gunstig at idrettslaget sit på for store midlar i banken når ein samtidig betalar høg rente på banklåna.

## **10. Behandle forslag og saker.**

a) Utmelding av særforbundet Norges Gymnastikk- og Turnforbund - dette inneber ei endring av ØSILs lovtekst. Årsmøtet er samrøystes enige i at idrettslaget melder seg ut av Turn- og gymnastikkforbundet.

b) Innmeldt sak om forslag til innfriing av deler av lånebyrden til ØSILs selskap: BS stadion & SIH. Einar Hegge legg fram denne saka. BS og SIH har til saman over fire millionar i lån, omtrent tilsvarande innskuddet til idrettslaget. Det er i dag omtrent 3 prosent skilnad på utlån- og innskuddsrente. Besparinga vil medføre om lag 100.000 kroner pr. år. I forslaget meiner han at denne innteninga skal delast på idrettslaget og dei to aksjeselskapa. Begge aksjeselskapa er heileigde av idrettslaget. Forslaget går ut på at idrettslaget brukar 3.500.000 til å innfri gjelda og på den måten sit att med 700.000 kroner i likvide midlar. Asgeir Larsen tok ordet og meiner at pengane i prinsippet burde vera nærmast der aktiviteten er, i idrettslaget. Nicolay Flaaten meiner at Einar sin gjennomgang og vurderingar er grundige og velfundert og er fornuftig å gå for. Berit Gjessing tek ordet og meiner at Einar sitt forslag er godt, men at ein kanskje kan diskutere størrelsen på eit eventuelt beløp idrettslaget innfrir. Fleire er einige at stadion treng oppussing og nødvendig

vedlikehald, og at det er også noko som ein treng å bruke pengar på. Det kjem også spørsmål til Einar om kva slags risiko dette inneber for idrettslaget dersom stadionselskapet, eller stiftelsen, går konkurs. Asgeir Larsen meiner at det viktigaste no er å styrke samarbeidet mellom selskapa og idrettslaget, at idrettslaget blir ein meir aktiv eigar. Kva slags kapitalbehov har idrettslaget på kort og lang sikt er viktig å kartlegge. Han ynskjer at saka blir utsett. Eirik Syversen har vurdert kostnadene ved å utvide styrkerommet. Ei mellomløyning vil vere å bruke delar av møterommet, til ei mindre utgift. John Magnus minnar også om at Øystre Slidre kommune og idrettslaget har take inn i planane sine ei potensiell utbygging av ein fleirbrukshall, som kjem til å bety ei stor investering for idrettslaget. Avstemminga syner at det er 10 som stemmer for forslaget til Asgeir Larsen, som er identisk med arbeidsutvalets innstilling på side 52 i årsmøtepapira, mens 8 stemte for forslaget til Einar Hegge, at idrettslaget innfrir låna til dei to selskapa. Kjell Berge Melbybråten hadde ikkje stemmerett i denne saka.

Kjell Berge Melbybråten, dagleg leiar for skistadion AS, informerar om virksomheita og framtida for Beitostølen skistadion. Om komande arrangement og om kor viktig det er å skape meir aktivitet på stadion.

**11. Fastsette medlemskontingent** (minst kr 50), og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsette treningsavgifter. Medlemskontingent 2023 - uansett alder: kr. 100,- Einstemmig vedteke.

## **12. Vedta idrettslagets budsjett.**

Ski- og skiskyting har levert kvar sine budsjett, men gruppene ber om at budsjettet blir sett under eitt, som ei gruppe. Årsmøtet godkjenner budsjettet.

## **13. Val:**

a) Audun Brusveen, leiar i valkomiteen, legg fram arbeidet dei har gjort med å finne nye medlemmar til styret. Dei har ikkje funne leiar enno.

Styremedlemmar: Reidun Gudny Veflen, Anders Skrebergene, Annichen Eckhoff, Eirik Fuglesteg Syversen

Ungdomsrepresentant: Geir Kjetil Meisdalshagen Haugene

Vara: Åsmund Bakkene og Anna Marie Jørstad

Kontrollutval: Ove Skaret, Ellen Hæhre, vara Astid Fossdahl Bråten

Valnemnd: Rannveig Hovi + ?, vara Knut Frode Framstad

Innspel frå møteleiar i denne saka er at styret i idrettslaget set seg saman og dannar ein komite leia av Eirik Syversen, saman med avtroppande leiar og valkomiteen og finn ein ny kandidat til leiarvervet som kan veljast på ekstraordinært årsmøte

Årsmøte gjev godkjenning til supplering av gruppestyra

Årsmøte gjev styret fullmakt til å finne representantar til ting og møter i de organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnevne representantane.

Årsmøtet godkjenner valet slik det er beskrive over.

Einar Hegge ber styret om å finne ein ny økonomiansvarleg. Noko overraskande trekte han seg på møtet. Nicolay Flaaten rosa han for den gode jobben han gjennom mange år har gjort for idrettslaget til applaus frå årsmøtet.

**14. Samanslåing av ski- og skiskyttergruppa (ekstrasak, ikkje meldt i sakslista)**

Årsmøtet godkjenner samanslåinga av dei to gruppene. Samanslåinga inneber ikkje noko inn- eller utmelding av dei to aktuelle forbunda. Styret i den nye gruppa skal bestå av representantar frå begge dei to tidlegare gruppene.

Beitostølen, 16. mars 2023

Ref.

Rolf Kjetil Gulbrandsen

Nicolay Flaaten

Elisabeth Helle